

Til dei vidaregåande skulane utanfor Bergen

Dato: 19.07.2017  
Vår ref.: 2016/9170-37  
Saksbehandlar: eliwik  
Dykkar ref.:

## Inntaket til dei vidaregåande skulane. Retningslinjer for inntak etter skulestart

Informasjon om tildeling av elevplassar etter skulestart er lagt ut på [hordaland.no](http://hordaland.no)

3. inntaksomgang er ferdig 8. august. Inntaks-/venteliste finn de på same måten i Vigo som tidlegare.

Søklarane finn inntaksresultatet på [vigo.no](http://vigo.no) frå og med 8.august.

Inntakslistene vert overførte frå Vigo til Extens til skulane så snart som praktisk mogleg etter at 3. inntaksomgang er ferdig. Informasjon blir sendt skulen når importen er ferdig. Kontaktperson: Trude Riple/Vibeke Nymo.

Ved 3. inntaksomgang kan det vere lagt inn "overbooking" på nokre utdanningsprogram/progamområde. Dette er særleg gjort for å få plassert elevar med Ungdomsrett i Bergensområdet før skulestart. Dersom dette blir ei utfordring når ein ser talet på frammøte elevar ved skulestart, må ein snarast melde dette til inntaksleiar. Merk at dei elevane som er markerte med C i internkodefelt 12, er dei som er manuelt plasserte av Inntakskontoret.

**Innmelding av ledige plassar** skal gjerast etter følgjande retningslinjer:

- 1.rapportering etter skulestart; **Seinast kl. 12.00 fredag 18.august**
- 2.rapportering etter skulestart; **Seinast kl. 12.00 onsdag 23.august**

Skjema "Innmelding av ledige elevplassar etter skulestart" **skal** nyttast. Dette blir sendt til skulane på e-post seinast onsdag 16. august. Skjemaet skal sendast i utfyllt stand på e-post til: [elin.wikan@hfk.no](mailto:elin.wikan@hfk.no).

Hugs å lagre det blanke skjemaet. Det blir **ikkje** sendt ut nytt skjema til 2. rapportering.

Det skal fyllast ut ledige plassar på kvart kurs. Dersom det ikkje er ledige plassar skriv ein "Null". Dette for å vere sikker på at ikkje noko er utegløymt **Alle skular skal sende inn dette skjemaet sjølv om skulen ikkje har ledige plassar på nokon av kurstillboda**. Dette for å kvalitetssikre at vi har mottatt melding frå alle skular.

Vi ber om at skulane berre har ein kontaktperson for innrapportering av ledige plassar. Namn + direkte innvalsnummer skal opplysast, og det er ønskeleg med mobilnummer i tillegg. Vår kontaktperson på Inntakskontoret er Elin Meyer Wikan, telefon 55 23 92 43 mobilnummer 993 60 156.

Dei ledige plassane blir lagt ut på [hordaland.no](http://hordaland.no) søndag 20. august etter kl 1.00. Sjå også informasjon på [hordaland.no](http://hordaland.no) frå ca.14. august.

**OBS.** Ein del elevar vil sikkert også i år møte fram på skulen utan at dei står på den siste inntakslista

til skulane. Dette er stort sett elevar som ikkje har fått med seg at dei mister tildelt plass på lågare prioritert ønskje dersom dei får plass høgare oppe på prioriteringslista ved 2. eller 3.inntaksomgang. Dersom skulen har ledige plassar, **etter at evt søkjarar på ventelista er kontakta**, kan sjølvsgt skulen gje desse plassen tilbake. Meir alvorlege saker må hensvisast til inntaksleiar på e-post.

Dersom skulane tek inn minoritetsspråklege søkjarar som ikkje står på venteliste må ein kontrollere at dei har godkjent grunnskuleopplæring og opphaldsløyve.

#### **Rutinar for registrering i Extens for elevar som**

- Ikkje står på inntakslistene for 3. inntaksomgang
- Ikkje møter fram 1. skuledag
- Sluttar i perioden 16. august til 31. august

Sjå hefte «Kvalitetssikring av data ved overføring mellom Extens og Vigo». Kontaktperson: Trude Riple.

Tilleggs skjema for nye elevar vil bli sendt ut samla i løpet av veke 33.

Hasteinformasjon før og etter skulestart: Send e-post til inntaksleiar.

Vi ønskjer alle skular og elevar lukke til med det nye skuleåret, og ser fram til eit godt og praktisk samarbeid. Eit skriv om praktiske detaljer i høve til innsending av elevsaker vil bli sendt skulane i første veke av september.

Med helsing

Nils Skavhellen  
inntaksleiar